

Oppsummering av året i kyrkjelyden

Årsmelding 2019



ORGANISASJON

Os sokneråd hadde funksjon både som Kyrkjeleg fellesråd og sokneråd i Os kommune.
(Os sokn same geografiske grenser som Os kommune.)

Soknerådet (fram til 31/10-2019) var sett saman slik: (Folkevalde for perioden 2015-2019)
Anne Turid Bjørnevik (leiar), Arne Tveit (nestleiar), Torild Aadland, Kjellaug Fyllingsnes, Jo Kåre Herfjord, Tonje Hernes, Jorunn Hodneland, Kay Even Hægland, Knut Inge Johnsen og Edle S. Lunde, samt sokneprest Margrethe H. Askeland. (Vara: Roar H. Evjedal)

Varafolk: Anne Wivegh, Leif E. Fjellvang, Oddvar Sandtorv, Hanna Hagerup og Grete S. Våge.

Kommunal representant (Deltak i kyrkjestyresaker/fellesrådssaker): Marie Bruarøy. Vara: Laila Reiertsen, frå hausten 2018: Terje Søviknes.

Soknerådet har til vanleg møte ein gong/månaden. Kyrkjeverja er sekretær og møter i folkevalde organ.

Ulike forvaltningssaker^{*)} er delegert til Driftsstyret. Driftsstyret er sett saman av Anne Turid Bjørnevik, Arne Tveit, Torhild Aadland, Margrethe H. Askeland og kommunal repr. Marie Bruarøy. Dei har møte etter behov.

^{*)} *forvaltningssaker: økonomisaker, saker knytt til gravferdsforvaltning, tilsettingar og andre administrative saker innan gjeldande reglement.*

Frå 1. november er desse vald til Os Sokneråd: (Folkevalde for perioden 2019-2023)

Bente Brøvig Strømme (leiar), Per Gunnar Lunde Oseng (nestleiar), Christine Westgaard Lund Halland, Jorunn Hodneland, Inger Jonette Indset Botnevik, Jon Håkon Øen, Knut Inge Johnsen og Malin Nøss Vangsnes, samt sokneprest Margrethe Holmboe Askeland. (Vara: Roar H. Evjedal)

Varafolk: Arne Tveit, Nils Sørbø, Kjell Aadland, Thorstein Skårnes og Becky Ogwu Hesjedal

STAB/TILSETTE

Staben vart leia av kyrkjeverje Gerhard August Hansen fram til mars 2019. Kristine Fjeld, tilsett som ny kyrkjeverje 1. Februar 2019 leia vidare ut året.

Parallelt med kommunesamanslåinga, vart arbeidet som starta tidlegare vidareført for å slå saman fellesråda i Os og Fusa, til Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd (BKF) frå 2020. Under BKF: Os sokneråd og Fusa sokneråd.

Kyrkjeverja leier Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd og har personalansvar for ute-seksjonen/driftsavdelinga i Os og Fusa.

Det vart oppretta ny stilling, dagleg leiar i Os sokn, frå 1. november 2019, Linda Ekerhovd er tilsett. Dagleg leiar har personalansvar for tilsette i staben til Os Sokn.

Prestetenesta: Prestane er tilsette i Bjørgvin bispedøme med prost Kristin Litleré (Fana prosti) som leiar. Lokalt er prestetenesta leia av sokneprest Margrethe H. Askeland.

Oversyn over medarbeidarar:

Namn	Stilling
Gerhard A. Hansen	Kyrkjeverje (→ mars)
Kristine Fjeld	Kyrkjeverje (mars →)
Linda Ekerhovd	Dagleg leiar (nov→)
Elin O. Moberg	Konsulent
Monica Refsdahl	Konsulent
Inger-Johanne Haugland	Friv. koordinator
Ingrid Vik	Diakon
Gro Helen Skjælaaen	Barne- og familiarbeidar
Hildur L. Lillestøl	Kateket

STAB/TILSETTE

Oversyn over medarbeidarar :

Namn	Stilling
Lars Joar Hilleren	Ungdomsarbeidar
Janne Fageraas (50% vikariat for Hege)	Kyrkjelydsarbeidar (→ juni)
Hege Varhaug-Lekven	Kyrkjelydsarbeidar
Margrethe H. Askeland	Sokneprest
Roar Hallesby Evjedal	Kapellan
Svante Havåg	Vikarprest
Andrew Holman	Kantor
Anton Proskurnin	Organist
Reidar Berge	Driftsleiar
Linn Kjerstin Østgulen	Annleggsgartnar/driftsmedarb eidar
Marianne Tveit	Driftsmedarbeidar
Øyvind Dreyer	Driftsmedarbeidar
Agnar Midtsæter	Kyrkjetenar/driftsmedarbeidar (mars →)

SOKNERÅDET

Framfor kvart SR-møte samlast AU og går gjennom ulike saker/problemstillingar og drøfter korleis sakene skal presenterast. Fram til nov 2019 var AU satt saman av leiar Anne-Turid Bjørnevik, Nestleiar Arne Tveit, Torild Aadland og sokneprest Margrethe Holmboe Askeland. Kyrkjevevja er sekretær.

Det nye AU er sett saman av leiar Bente B. Strømme, nestleiar Per Gunnar L. Oseng og sokneprest Margrethe Askeland. Dagleg leiar er sekretær.

Viktige saker i 2019

Sak	Kommentar
Budsjett 2019	Soknerådet/kyrkjestyre vedtok både driftsbudsjett og investeringsbudsjett.
Rekneskapen 2018	Rekneskapen var godkjent med eit meirforbruk (underskot) på 63 367 kr. Meirforbruket ble dekket inn med trekk av fond.
Kommunesamanslåing – iverksetjing av administrativ leiarstruktur i Bjørnafjorden fellesråd	Det nye organisasjonskartet for Bjørnafjorden fellesråd vil vere med ein kyrkjevevje, ein assisterende kyrkjevevje med kombinasjon dagleg leiar i Fusa og ein dagleg leiar i Os.
Tunet kyrkje- og kultursenter	Har fått løpande rapportar om drifta. Mykje utleige; ikkje minst til Os kommune/kommunal fellesnemnd.
Tildeling av offer	SR tildeler offer etter søknad frå ulike lag/skular, studiestader og kristne organisasjonar. Fast månadleg offer til Tunet, kyrkjevedsarbeid og misjonsarbeid
Os kyrkje, rehabilitering av kyrkja	I samhald med Os kyrkje sitt 150 års jubileum i 2020 har kyrkjelyden fått midlar til å gjere rehabiliteringsarbeid i Os kyrkje.
Møte med tilsette	Få kunnskap om deira arbeidsfelt og gje innspel/vurderingar på området.
Utlysing av dagleg leiar	Linda Ekerhovd vart tilsett som dagleg leiar 1 november
Utsmykking Tunet	Vedtak på å kjøpe «Morgensang».

GUDSTENESTE

Gudstenestene har ei sentral plass i kyrkjelyden, og vi feirar eit mangfaldig gudstenesteliv. Det er stort engasjement blant kyrkjemedlemmane til å bidra til mangfaldet i gudstenestene. Frivillige syter for musikk, barnesamlingar, er medliturgar, kyrkjevertar og står for kyrjekaffi.

Talet på deltakarar pr gudsteneste har for det siste 10-året synt små variasjonar, men er noko lågare de siste åra. Dette kan ha samanheng med at det er færre born som vert døypte.

Nokre gudstenester har særleg fokus:

- Misjon:
 - 31.03 Barnas misjonsdag
 - 30.05 : Gudsteneste i samarbeid med Os fellesforening av NMS
- «Nytt av året»
 - *Kveldsgudstenester: Medarbeidargudstenester med høve til individuell forbøn ved semesterstart både vår og haust.*
 - *Avslutning av fasteaksjonen, kveldsgudsteneste.*
 - *«gudsteneste-for-alle» i fleire år har ein hatt gudsteneste påskedag om ettermiddagen i samarbeid med søndagssamlinga. I 2019 feira vi og gudsteneste på søndagssamlinga i oktober.*

- Særlege gudstenester ein bør vurderer å halde fast på:
 - *Bibeldagen på såmannssøndag*
 - *Oskeonsdag, kveldsgudsteneste med tema. I 2019 var fokus flyktingar.*
 - *Kveldsmat før gudstenesta skjærtorsdag*
 - *Krossvandring og pasjonsgudsteneste langfredag*
 - *Søndag for skaparverket – med «Grøn lunsj» i staden for kyrkjekaffi, i samarbeid med diakoniutvalet.*
 - *Samarbeidet med familien von Erpecom om 2 gudstenester i Lyse Kloster kapell i sommermånadene*
 - *23.09 Søndagsskulens dag*
 - *15.10 prostevitjing,*
 - *Gudsteneste med Kongshaug Musikkgymsnas om hausten*
 - *Minnegudstenestene helgemesse-sundag*
 - *Speidargudsteneste 1.s. i advent*
 - *Myldregudsteneste, i Os om våren og Nore Neset om hausten*
- Trusopplæringsgudstenester:
 - *Det er gudsteneste i samband med desse trusopplæringsstiltaka: Tårnagent, Lys Vaken x2, Avslutning skapingsdagane, 4-årsbok x 5, også kombinert med anna som hausttakefest, sundagsskulens dag, myldregudsteneste. Vi har skulestartgudsteneste for 6-åringar x 2, presentasjon av konfirmantar x 5, og pulshelger med konfirmantane x 5 og i alt 10 konfirmasjonsgudstenester.*
- Skule- og barnehagegudstenester.
 - *Det er stor oppslutnad om skulegudstenestene, 15 i året. Dei fleste skulane før jul, Lysekloster før sommarferien og Os barneskule før påske.*
 - *13 krybbevandringar ned barnehagebarn.*
- Merkedagar
 - *I august var det feira aftansong i samband med ein 70-årsdag.*
 - *Avskjed med kyrkjevevjer Gerhard Hansen og seniorprest Knut Ivar Askeland vart markert i gudstenester. Det same var innsetjing av Kyrkjevevjer Kristine Fjeld og dagleg leiar i Os, Linda Ekerhovd.*

Litt statistikk. Er det tendensar i oppslutnaden om gudstenester og kyrkjelege handlingar

Tabell A: Gudstenester i soknet søn- og helgedagar, og deltakarar pr gudsteneste 2012-2019

		2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Os sokn	Gudstenester, sun- og helgedagar	110	108	109	109	105	102	103	103
	Deltakarar, gudstenester sun- og helgedagar	15755	15531	15827	16340	14225	15003	12786	12539
	gjennomsnitt pr gudsteneste	143	144	145	150	136	147	124	122

Tabell B: Totalt antall gudstenester i soknet, og deltakarar 2013-2019

Gudst totalt				134	128	135	131	133	141
Deltakarar totalt				19151	18308	19321	18979	20999	18787
gjennomsnitt pr gudstjeneste				143	143	143	145	157	133

Teneste på institusjonane

Tenesten prestane og delvis organistane og frivillige musikarar gjer på institusjonane i kommunen + Ravneberghaugen er variert. I 2019 hadde vi 42 **andaktar**. På Lurantunet held vi fram med å samle brukarar frå fleire avdelingar anten i kantina eller på minnerommet i Kjellaren. Alle har ma.o framleis tilbod om andakt 1 x mnd. 5 **gudstenester**, 4 av dei med nattverd.

Samtale etter tilkalling. Einskildbebuarar kan ha behov for samtale med prest anten ein gong eller fleire gonger. Både prestane og diakonen har hatt slike samtaler

Omsorg for døyande etter oppkalling frå personal eller pårøyrande har det vært ein god del av.

Kyrkjelege handlingar

Folkekyrkja har framleis rimeleg stor oppslutnad. Likevel ser ein no at fleire vel alternativt.

Dåp: Om lag 80% av dei som er medlemmar kjem med borna til dåp. Vi har og kvart år dåp av dei som er litt eldre anten det er større born, ungdom eller vaksne.

Konfirmasjon: Ein stabil ganske høg prosent vel konfirmasjon i kyrkja.

Vigsel: Frå og med 2018 kunne ein inngå borgarleg ekteskap lokalt i kommunen. For 2019 ser det ut som om mange har nytta dette høvet til å lage sin eigen variant.

Gravferd: Langt opp mot 100 % vel gravferd etter kyrkja si ordning.

Det er eit privilegium for oss som kyrkje å få vere med så mange av våre medlemmer ved dei store hendingane i livet deira.

Nokre tall

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
dåp	171	172	189	180	174	155	157
konf	176	172	185	164	153	154	171
vigsel	46	39	38	32	31	34	22
gravferd	104	106	83	106	99	87	88

Anna kyrkjelydsarbeid

- Torsdag i Tunet hadde også i 2019 eit variert program.
- Søndagssamlingane der menneske med psykisk eller fysisk utviklingshemming er særskilt inviterte har samling om lag ein gong i månaden.
- Senior-Koinonia og Eldretreff held og fram med sitt gode arbeid. Framleis under leiing av henholdsvis Per Torgeir Nilsen og Jorun og Osvald Hindenes i samarbeid med Sanitetsforeininga. Frå hausten av overtok Knut Ivar Askeland, Gerhard Hansen og Bjørn Atle Drange ansvaret for Eldretreffa etter Jorunn og Osvald Hindenes.
- Det er ein del bibelgrupper i aktivitet. Mange av dei har halde på i mange år, og er ei god støtte for dei som er med.
- Tilbod til dei som ikkje sjølv er med i ei gruppe, og ikkje har høve til å starta opp ei, har vi i tillegg til Torsdag i Tunet.
- Misjonsarbeidet står sterkt i kyrkjelyden. Vi har misjonsavtale med NMS og støtter arbeidet i England og Estland, både i forbøn og med pengar. Dessutan ber vi fast for misjonærar på Madagaskar og kyrkjelyder i Brasil.
 - Her er fleire aktive misjonsforeiningar for det Norske Misjonsselskap (NMS). NMS si fellesforeining står for både stemne Kristi Himmelfartsdag og messe om hausten. Her og foreiningar for Norsk Luthersk Misjonssamband, Israelsmisjonen og tverrkyrkjelege Lærernes Misjonsforbund.
 - Kyrkjelyden støttar arbeidet til Garden of Eden Kenya både med pengar og forbøn.
- Os y's men har ei aktiv foreining. Her er arrangement med både fagleg og kulturelt innhald, og ein klar sosial profil. Klubben samlar inn pengar på ulikt vis, og er ei god støtte for ungdomsarbeidet vårt.
- Os KFUK-KFUM speidare er ei aktiv gruppe på om lag 100 medlemmer og leiarar. Rekrutteringa av nye speidarar går greitt, sjølv utan marknadsføring. I 2019 var ei gruppe på 4 ungdomar og 2 vaksne på verdsspeidarleiren i USA.

Prostisamarbeid

Prestetenesta

Det er 3 prestar i teneste i Os:

Sokneprest Margrethe Holmboe Askeland

Kapellan Roar Hallesby Evjedal

Vikarprest Svante Havåg

Alle prestane er tilsette i 100% stilling i Bjørgvin Bispedøme.

Prestane har prosten som sin næraste overordna. Prostiet er tenestedistrikt og soknet er tenesteområde. Inntil 20 % av presten si arbeidstid kan nyttast av prosten til teneste i prostiet. Prestane i Os har noko kapasitet til å avløysa i sokn med ein prest når denne skal ha fri. Lokalt her i Os har vi - i samråd med prosten - fordelt oss slik:

Seniorpresten har tatt det meste av tenestene med å avløyse eineprestar. I 2018 har det gjeldt soknepresten i Fusa. Då fast tilsett seniorprest gjekk av med pensjon i juni, ville ikkje bispedømet lyse ut stillinga, med slik grunngjeving: Vi har notert ønsket, og ser argumenta og vil følgje opp dialogen kring dette. Men vi vil først kunne sjå på stillingane i Os samla i frå 2020. Vi vil då måtte sjå på stillingane i samheng med prostiet som heilhet.

Svante Havåg vart då tilsett i eit årsvikariat frå slutten av juli 2019. Nokon dialog og avklaring på kva som skulle skje med stillinga i 2020 kom ikkje i løpet av hausten.

Kapellanen har eit særleg ansvar for band-gudstenestene, i tillegg til at han har eit engasjement inn mot ungdoms – og familiarbeidet i kyrkjelyden. Då vert det lite tid igjen til å avløysa andre.

Soknepresten har i tillegg til å leie prestetenesta i Bjørnafjorden, og hatt ansvar for PU-arbeidet, brukt noko av sin tid og kompetanse inn mot bispedømet sitt arbeid med retreat og andeleg vegleiing.

Kriseteam. Os kommune har et godt fungerande kriseteam. Teamet er ikkje eit «blålysteam», men er eit tverretatleg team som samlast raskt når noko hender. Det har til oppgave å få oversikt over ein situasjon slik at ein kan samordna oppfylgning av dei som er berørte og kanalisere rett hjelp og støtte. Soknepresten har vært fast medlem av teamet med kapellanen som varamedlem.

Prostiet

Med bakgrunn i det som er sagt om seniorpresten over, kan det vere verdt å merke seg det prosten skriv om prestesituasjonen i prostiet i sin årsrapport:

Prestetenesta

I Fana prosti er det 14 faste prestestillingar, fordelt på sju sokn. I tillegg kjem prost, som gjer inntil 50% presteteneste. Eg er glad for at vi har fått styrka prestetenesta ved å ha vikarar i vakante stillingar/ permisjonar (100% i Skjold og 50% i Søreide), og at vi har prester i kortvarige engasjement. Det utfordrande er om desse tiltaka vert trukke tilbake. I Fana prosti er det 72 198 medlemmer (alle tal er frå 2018, og er antall medlemmer utan tilhøyrande). Med 14,5 prestar vil det sei ein prest pr. 4 979 medlemmar. Med ca. 5000 medlemmar pr prest, vil Fana-prestane ha nærare dobbelt så mange å betene som prestane i resten av vårt bispedømme (Gjennomsnittlig antall medlemmer pr prest i Bjørgvin bispedømme, utan Fana prosti er 2631 Vesthordland prosti trekker snittet opp).

Birkeland sokn med 16 987 medlemmar, har tre prester, to gudstenestestader, Birkeland kvar søndag og Sædalen annakvar søndag.

Os sokn med 15 436 medlemmar, har to prester og seniorprest/prostiprest med base i Os, to gudstenestestader Os kvar søndag og Nore Neset annakvar søndag.

Fana sokn med 13 899 medlemmar, har to prester og noko avlastning frå prost, to gudstenestestader Fana og Ytrebygda med gudstenester kvar søndag.

Skjold sokn med 9 636 medlemmar, har to prester, ein gudstenestestad.

Søreide sokn med 8 856 medlemmar, har to prester, ein gudstenestestad.

To av sokna, Fusa og Austevoll, er eineprestegjeld. I forbindelse med ferie, frihelger og seniortiltak vert dei avlasta av prester i prostiet.

Fusa har 3 218 medlemmer, fem gudstenestestader og store reiseavstandar.

Austevoll har 4 166, er eit øysamfunn med seks gudstenestestader, og noko reiseavstandar.

ØKONOMI

Det er 2 hovudformål: kyrkja som offentleg forvaltar og «folkekyrkje. Det offentlege finansierer dette gjennom driftstilskot. (Kommune og stat).

Kyrkjelydsarbeidet er i hovudsak finansiert av kyrkjelyden sjølve.

Inntekter	
(Tal i heile 1000 kr)	
Os kommune	9 354
Bispedømekontor/staten	1 906
Gåver (trinn III)	473
Andre inntekter (brukerbetaling, refusjonar, m.m.)	5 583
Rente inntekt	120
SUM INNTEKT	17 436
Utgifter	
Løn	10 249
Kjøp varer & tenester	4 074
Andre utg	1 310
SUM Driftsutgifter	15 633
Renter avdrag	1 114
Avsetninger	723
Sum utgifter	17 470
Meirforbruk	34

Gåverekneskap (gjevarteneste og einskildgåver)

	2018	2019
Gjevartenesta for ungd.presten	160 400	156 750
Antall gjevarar	43	40
Trinn III	382 800	384 800
Antall gjevarar	55	53
Trinn III	98 354	87 540
Div gaver		
Sum gåver	641 554	629 090

Gjennom året har det vore ulike aksjonar for å samle inn midlar til gode formål. Fasteaksjon, Misjonsmesse, Julemesse og Solidaritetsaksjon; samla beløp i underkant av 500 000 kr

KYRKJEMUSIKK

Musikklivet i Os er rikt og variert. Både det som er direkte knytt til kyrkjelyden, men og frå dei mange ulike kor og orkestrer som bidreg inn i kyrkjelyde.

Musikkutvalet

Utvalet er delt i to undergrupper: Gudstenestegruppa og konsertgruppa. Gudstenestegruppa har ansvar for å samordne kontakten med musikkressursar i og utanfor kyrkjelyden. Dei har som målsetting at kvar gudsteneste skal ha eit musikalsk innslag i tillegg til orgelmusikken. Dette er ein vinn-vinn situasjon der kulturaktørane får høve til å opptre for eit lydhøyrte publikum, kyrkjelyden får musikkopplevingar og meir varierte gudstenester og kyrkja styrker rolla si i lokalsamfunnet. Det vert heile tida jobba med det som mål at alt som skjer i gudstenestene er integrert i ein heilskap, slik at musikkinnslag ikkje vert små konsertar. Kvart semester møtest gruppa 2 gongar for å planleggje musikkinnslag for kvar gudsteneste. Medlemmene i gudstenestegruppa er Grethe Inger Berge, Norvald Kobbeltvedt og kantor. Vi er takksame for alle frivillige som har delteke.

Konsertgruppa har ansvar for å arrangere konsertane under nemninga "Musikk i kyrkja". Tanken med dette arbeidet er å samordne og synleggjere det rike konsertlivet i kyrkjene. Konsertar i 2019 under "Musikk i kyrkja": Duo Amasia – 25. oktober; Nyttårsjazz - 29 desember.

Andre konsertar

Det har vore ca. 25 konsertar i kyrkjene. Det er litt meir enn i fjor, og berre 9 av konsertane var rein utleige til eksterne aktørar. Lokale lag stod for 16 av konsertane, medan kyrkjelyden sjølv hadde hand om 16 arrangement. Nore Neset kyrkje er framleis ein viktig arena for konsertar og kulturkveldar. Desse tala syner kor stor rolle musikken spelar i kyrkjelyden og at kyrkja er ein naturleg samarbeidspartnar for det lokale musikklivet i Os. Storsalen er veldig bra for meir «intime» konsertar. Det beste instrumentet (flygelet) er i Storsalen.

Vaksenarbeid – Kor

Os kyrkjekor held fram som kyrkjelyden sitt gudstenestekor, leidd av kantor. Dei syng ca. 3 gonger per semester. I tillegg er det to forsongargrupper som leier salmesongen, spesielt for dåpsgudstenester. Med ei friare stilling innanfor kyrkjelyden har vi Kyriakè. Kyriaké syng på 2-3 gudstenester årleg. Join Us syng på ca. 2 gudstenester i løpet av semesteret, og dei har jo også sine egne konsertar på våren og før jul. Vanlegvis deltek Fonos på gudsteneste, men har i år hatt permisjon. Tusen takk til alle som bidreg til gudstenestelivet.

Det er no berre 9 medlemmer i Kyrkjekoret. Vi fortset med øving og rekruttering. Er det mogleg å finne ei løysing?

Ressursar

Anton Proskurnin har 50% stilling her i Os og 50% i Vaksdal kommune. Det er og mange andre frå kyrkjelyden som er aktive på musikk sida og som spelar og syng på dåpsgudstenester, bandgudstenester, familiegudstenester, høgmesser, andakter, osv. Elevar frå Kongshaug musikkgymsnas deltek jamt. Det same gjer songarar, musikarar og lag frå musikklivet i Os.

Etter at pianoteknikaren var her, er pianoa i kyrkjene i god stand. Vi har to elpiano: eit i Spegelen og eit i Glass-salen. Pianoet i Eldstova er bra men treng meir stemming enn dei andre, pga. mykje bruk av ymse aktivitetar og tørt klima.

Orgelet i Os kyrkje er over 60 år gammalt og begynner å vise aldersteikn. I 2018 sette Soknerådet ned ein orgelkomité med 8 medlemmer. Frå april til august møttest vi 8 gonger og besøkte bl.a. kyrkjer med el-orgel og tradisjonelle pipeorgel. Hovudslutninga er å kjøpe eit nytt pipeorgel når finansieringa er klar. Dette kan ta fleire år. AU tar opp orgelsaken i 2020.

Orgelet i Nore Neset kyrkje er i god stand. Det treng berre stemming annakvart år.

KYRKJEMUSIKK

Musikklivet i Os er rikt og variert. Både det som er direkte knytt til kyrkjelyden, men og frå dei mange ulike kor og orkestrer som bidreg inn i kyrkjelyde.

Musikkutvalet

Utvalet er delt i to undergrupper: Gudstenestegruppa og konsertgruppa. Gudstenestegruppa har ansvar for å samordne kontakten med musikkressursar i og utanfor kyrkjelyden. Dei har som målsetting at kvar gudsteneste skal ha eit musikalsk innslag i tillegg til orgelmusikken. Dette er ein vinn-vinn situasjon der kulturaktørane får høve til å opptre for eit lydhøyrte publikum, kyrkjelyden får musikkopplevingar og meir varierte gudstenester og kyrkja styrker rolla si i lokalsamfunnet. Det vert heile tida jobba med det som mål at alt som skjer i gudstenestene er integrert i ein heilskap, slik at musikkinnslag ikkje vert små konsertar. Kvart semester møtest gruppa 2 gongar for å planleggje musikkinnslag for kvar gudsteneste. Medlemmene i gudstenestegruppa er Grethe Inger Berge, Norvald Kobbeltvedt og kantor. Vi er takksame for alle frivillige som har delteke.

Konsertgruppa har ansvar for å arrangere konsertane under nemninga "Musikk i kyrkja". Tanken med dette arbeidet er å samordne og synleggjere det rike konsertlivet i kyrkjene. Konsertar i 2019 under "Musikk i kyrkja": Duo Amasia – 25. oktober; Nyttårsjazz - 29 desember.

Andre konsertar

Det har vore ca. 25 konsertar i kyrkjene. Det er litt meir enn i fjor, og berre 9 av konsertane var rein utleige til eksterne aktørar. Lokale lag stod for 16 av konsertane, medan kyrkjelyden sjølv hadde hand om 16 arrangement. Nore Neset kyrkje er framleis ein viktig arena for konsertar og kulturkveldar. Desse tala syner kor stor rolle musikken spelar i kyrkjelyden og at kyrkja er ein naturleg samarbeidspartnar for det lokale musikklivet i Os. Storsalen er veldig bra for meir «intime» konsertar. Det beste instrumentet (flygelet) er i Storsalen.

Vaksenarbeid – Kor

Os kyrkjekor held fram som kyrkjelyden sitt gudstenestekor, leidd av kantor. Dei syng ca. 3 gonger per semester. I tillegg er det to forsongargrupper som leier salmesongen, spesielt for dåpsgudstenester. Med ei friare stilling innanfor kyrkjelyden har vi Kyriakè. Kyriaké syng på 2-3 gudstenester årleg. Join Us syng på ca. 2 gudstenester i løpet av semesteret, og dei har jo også sine egne konsertar på våren og før jul. Vanlegvis deltek Fonos på gudsteneste, men har i år hatt permisjon. Tusen takk til alle som bidreg til gudstenestelivet.

Det er no berre 9 medlemmer i Kyrkjekoret. Vi fortset med øving og rekruttering. Er det mogleg å finne ei løysing?

Ressursar

Anton Proskurnin har 50% stilling her i Os og 50% i Vaksdal kommune. Det er og mange andre frå kyrkjelyden som er aktive på musikk sida og som spelar og syng på dåpsgudstenester, bandgudstenester, familiegudstenester, høgmesser, andakter, osv. Elevar frå Kongshaug musikkgymsnas deltek jamt. Det same gjer songarar, musikarar og lag frå musikklivet i Os.

Etter at pianoteknikaren var her, er pianoa i kyrkjene i god stand. Vi har to elpiano: eit i Spegelen og eit i Glass-salen. Pianoet i Eldstova er bra men treng meir stemming enn dei andre, pga. mykje bruk av ymse aktivitetar og tørt klima.

Orgelet i Os kyrkje er over 60 år gammalt og begynner å vise aldersteikn. I 2018 sette Soknerådet ned ein orgelkomité med 8 medlemmer. Frå april til august møttest vi 8 gonger og besøkte bl.a. kyrkjer med el-orgel og tradisjonelle pipeorgel. Hovudslutninga er å kjøpe eit nytt pipeorgel når finansieringa er klar. Dette kan ta fleire år. AU tar opp orgelsaken i 2020.

Orgelet i Nore Neset kyrkje er i god stand. Det treng berre stemming annakvart år.

TRUSOPPLÆRING

Os sokn har ein plan for trusopplæringstiltak frå 0-18 år. Oppslutning om dei ulike tiltaka varierer litt frå år til år, men det er særleg tiltak retta mot ungdom etter konfirmasjonsalder vi får lite respons/deltaking frå.

Målsetting (strategiplan for Os sokn):

Skapa eit systematisk og samanhengande barne- og ungdomsarbeid som utviklar og styrkjer trua hos barn og ungdom, uansett funksjonsnivå.

Gjennom dette fremja medvit om kristen etikk, solidaritet og nestekjærleik.





Trusopplæring og undervisning

Innarbeidde tiltak:

1. Dåpsførebuing
2. Dåpshelsing til 1-åringar (spisebrikke)
3. Dåpshelsing til 2-åringar (CD)
4. Adventsamling med utdeling av adventsbok-kalender til 3åringar
5. Utdeling av 4-årsboka
6. Påskevandring 5-år
7. Utdeling av 6-årsboka
8. «Heilt førsteklasses» 7 år
9. Skapingsdagane 7-8 år
10. Tårnagent 9 år
11. Pinsevandring på Pilgrimsvis 10 år
12. Lys Vaken 11 år
13. Godheit i Sentrum 12 år
14. Konfirmantarbeid:
 - a. Gruppeopplegg (7 ulike tilbod)
Nye grupper: Etter Skuletid og B-gruppa
 - b. Undervisningssamvær: Seks temasamlingar i år, ei PULShelg Sjølvstudie som «Nettkonfirmant» er ikkje undervisningsopplegg for alle i år. Kun «Nettpratgruppa» nyttar dette opplegget.
 - c. Foreldrekontakt
Haust: Fyrste gruppesamling for både konfirmantar og foreldre.
Vår: Temasamling med info for alle foreldre. I år inviterte vi Barnevakten til å snakke om « Ungdom og mediekvardagen»
15. Tiltaka for 16-18 år vart ikkje gjennomført i år. Her må vi tenke nytt.



Innarbeidde tiltak:

Dåpsførebuing

Det er dåpsførebuing ein vekedag i forkant av gudstenester med dåp. Førebuinga har vore leia av den presten som skal ha gudstenesta.

Dåpshelsing til 1- og 2- åringar

Utsending av spisebrikke og CD`ar til eitt - og to-åringar. Saman med gåva fekk dei med brev og helsing. Det er utsendingar ein gong i kvartalet. Vi har 9 frivillige som tek ansvar for kvar sin krins (8 krinsar utifrå postnummer). Denne ordninga er evaluert, og det er positivt både for dei som kjører ut, og dei som blir møtt heime med ei fin overrasking. Vi har 2 tiltaksfadrar som pakkar dåpshelsingane klare til utsending. 165 stk. spisebrikker og 159 stk. CD-ar vart sendt ut. Totalt 11 frivillige involvert.

Utdeling av adventsbok-kalender til 3-åringar

Laurdagssamling kl. 12.00 - 14.00 med: måltid (graut), hobby (adventsstjerne), bibelforteljing(vismennene og stjerna) og utdeling av boka. 30 barn deltok, og 8 frivillige.

Utdeling av 4-årsbok Dette inneber tilbod om to samlingar for kvar 4-åring; Undretur («bli kjent i kyrkja»-samling) og gudsteneste med utdeling av 4-årsbok. Det er fem slike opplegg kvart år, to i Nore Neset kyrkje og tre i Os kyrkje. Kyrkjelydsarbeidar Hege Varhaug-Lekven hovudansvarleg, kateket har hatt ansvar for samlingane på Nore Neset. Gjennomføring saman med prest og organist som har ansvar for gudstenesta. 63 barn deltok. Fleire frivillige deltar på undretur og ved gudstenesta, og to tiltaksfadrar.

Påskevandring 32 born deltok

Tiltaket, for 5 åringar, med ide frå England «Experience Easter». Kyrkjerommet vert innreia som en reise gjennom påskehistoria. Sjå, gjer og lær. Gudsteneste og barnehage fekk nytta dei fine kulissane. 32 barn deltok. 3 tilsette, 6 frivillige.

Babysong både på Os og i Nore Neset 2019

Babysong-tilbodet har etablert seg godt både på Os og i Nore Neset kyrkje. Vi tilbyr ca 10 gonger pr. semester kvar plass. I 2019 nytta mange mødre/fedre seg av tilbodet. Fordelt på 41 barn på Nore Neset og 33 i Os. Hege Varhaug-Lekven har ansvar på Os og Gro Helen B Skjælaaen har ansvar på Nore Neset. Linn Kjerstin har steppa inn som vikar både Os og Nore Neset ved behov. Babysong deltok på Myldregudsteneste vår og haust.



Utdeling av 6-årsbok

Skulestartmarkering for alle 6-åringar i begge kyrkjene med utdeling av 6-årsboka. Hege var hovudansvarleg for planlegging og gjennomføring, saman med prest og organist gjennomførte dei begge gudstenestene. 29 barn fekk utdelt bok, 2 vaksne frivillige deltok.

«Heilt førsteklasses»

5 ettermiddagssamlingar for 1.klassingar på våren. Kvar samling inneheld bibelforteljing, formingsaktivitet og mat. Vikar for kyrkjelydsarbeidar planla og gjennomførte tiltaket saman med frivillige medarbeidarar. Nokre foreldre deltok i praktiske oppgåver undervegs. 27 barn deltok.

Skapingsdagane

Alle 7- og 8-åringane vart invitert til 3 dagar, kl. 9-15, med skaping saman med kunstnarar innan drama, keramikk, dans, trommer, foto og maling.

Kvar dag starta og avslutta i kyrkja med andakt og bønn.

Veka vart avslutta med ettermiddagsgudsteneste der borna deltok med tromme, dans og drama/song og utstilling av foto og leireprodukt.

Medarbeidarar: 12 Tiltaksfadrar, 5 frå stab + 6 kunstnarar og mange foreldre og besteforeldre.

Nytt i 2019 ved Skapingsdagane: «ein beste for alle»- ei teneste der oppgåva er å vera ein støttande vaksen, ein som har tid til og lytta, sitje i gangen, motivere, og sjå barna. 5 personar hadde denne tenesta. Vi fekk mange sponsorer i 2019. Mykje arbeid bak. Frukt kvar dag og grillmat til siste dagen fekk vi sponsa. 30 000 kroner i KUP midlar, og 10 000 kroner frå Sparebanken vest. Elles private firma. 67 barn deltok.

Tårnagentar

Eit nasjonalt opplegg med innspel frå andre lokale variantar.

Laurdag kl. 14-19 lærer barna å bli gode agentar. Dei får nytte forstørrelsesglass og utstyr for fingeravtrykk. Rundtur med ulike postar i kyrkja frå «Tårn til kjellar». Politiet kom på besøk og oppfordra barna til å vere gode agenter i samfunnet. Dei fekk og testa seg på fingeravtrykk.

Gudstenesta på søndag hadde sterk Tårnagent-profil.

Tre tiltaksfadrar og mange gode foreldre som hadde små og store oppgåver. Hege og Gro Helen hadde hovedansvaret i samarbeid med prest som deltok laurdag og søndag.

60 barn deltok.



Pinsevandring på Pilgrimsvis - for 10-åringar.

Arrangementet er lagt til ruinene ved Lysekloster og i stien bak. Speideren har vore med og utarbeid tiltaket og deltar aktivt denne dagen.

7 frivillige og 1 fra stab.

9 barn deltok

Lys Vaken - for 11-åringar. Innbydinga gjekk ut til både Os og Nore Neset krins på same tid i posten, med invitasjon til den krinsen barna hørde til i, men med tilbod om å delta i den andre kyrkja om det høvde betre.

Gudstenestene fungerte godt i samarbeid mellom Lys Vaken barna som deltok veldig aktivt, og Svante og Roar, prestar på kvar sin stad. Hege hadde hovedansvar og Anton var organist begge stader. Ein tiltaksfadder på kvar stad. 4 konfirmantar var involvert som hjelpeleiarar, og nokre foreldre og frivillige i kyrkjelyden deltok med praktiske oppgåver.

62 born deltok; 30 på Nore Neset og 32 i Os.

MEG - for 13åringar.

TEMA; Identitet, Sjølvbilde og Kropp vart alle tre belyst gjennom leik, undervisningsbolk og refleksjonsaktivitet knytt til tre bibelvers.

Festmåltid med minipizza og is er ein viktig del av opplegget. Knut Inge Johnsen tok portrettfoto av kvar deltakar. Dette får dei seinare utlevert ferdig innrama med eit bibelvers påtrykt.

16 unge deltok.

Godheit i Sentrum - for 12 åringar

Vi satsa her på undervisning om diakoni og nestekjærleik. Praktiske førebuingar som bollebaking og pynting av handleposer i papir. Avslutta med å gå ut i sentrum og servere bollar og gjere små tenester.

Alle døypte og tilhøyrande 6. klassingar fekk invitasjon. Ungdomsarbeidar og diakon leia arrangementet.

7 unge deltok.

Tiltaka for 16-,17- og 18 åringar vart ikkje gjennomført

Det var ikkje påmeldte nok til at dette kunne gjennomførast. Vi vil tenkje gjennom desse tiltaka på nytt og finne nye måtar å nå desse aldersgruppene på. Det bør og vurderast om vi kan innby nokre eller alle desse gruppene til eit og same tiltak.



Medhjelparar:

Foreldre hjelper til med praktiske oppgaver i mange av tiltaka. Kjekt å sjå at tiltaksfadrar trivast med oppgåvene. Vi må fortsette å utvikle eit godt opplegg for å invitere og inkludere ressursar i foreldregruppa, konfirmantgruppa og kyrkjelyden generelt. Oppgåvene er mange og varierte og målet må være at dei som vil vere med kan finne sin plass.

Trusopplæringsutvalet TOU

Medlem i TOU:

Edle Svendsen Lunde, Kay Even Hægland, Ingrid E Halland, Steinar Haugland, Roar Hallesby Evjedal, Lars Joar Hilleren og Hildur Løkken Lillestøl og Hege Varhaug-Lekven.

TOU har hatt 3 møter i 2019 med fokus på:

- Nytenking i konfirmantarbeidet,
- Evaluering av Trusopplæringsplanen etter fem års erfaring.
- Korleis invitere frivillige med i dette arbeidet.

- Ingen tilsette eller frivillige medarbeidar på Trusopplæringskonferansen i haust. Viktig å satse på at både tilsette og frivillige er med på denne årlege konferansen.



Konfirmantarbeid

a: vår 2019,173 konfirmantar (80 % av medl. i årskullet)

b: haust 2019,139 konfirmantar (64 % av medl. i årskullet)

GRUPPENAVN	Leiar	VÅR 2019	HAUST 2019	KOMMENTAR
Join Us	IJH	13	9	
KRIK eXplore	GHS/+RHE	36	36	2 grupper
Konf Camp	HiLL/LJH	65	60	
samanFORandre	IV	13	6	
Nettprat	KIA	9	3	
B-gruppa	HiLL	12	9	
Etter SkuleTid	HiLL	21	13	
Eige opplegg	HiLL og MHA	4	0	

b: Konfirmantplan til vurdering

Opplegg ut ifrå ny plan for konfirmantar i Os kyrkje, vedtatt i soknerådet våren 2019.

Undervisning i gruppene. Det fungerer greitt men kan styrkast. Eit av måla med dette var å knyta relasjonar med konfirmantane og gjera dei tryggare i det kyrkjelige fellesskapet. Her har vi kome eit stykke på veg, men har framleis ein jobb å gjera. Vi ynskjer å arbeida for å knyta konfirmantane opp mot det fungerande ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.



c: Gudstenesteverkstad og PULS-helg

Gudstenesteverkstaden er innlemma i PULS-helga, der konfirmantane førebur sine oppgåver gruppevis (ministrantoppgåver, bønnevandring, forsongargruppe). Slik deltek dei aktivt på gudstenesta knytt til denne helga. Dette opplever vi som viktig og positivt for konfirmantane, og for kyrkjelyden.

PULS-helgane har undervisning utifrå tre tema ; Bibel, Bøn og Lovsong, og Diakoni. Bolken med gudstenesteverkstad har vi framleis med. Konfirmantane førebur då konkrete oppgåver til gudstenesta.

Evaluering av konfirmantopplegget:

Vi har ein flott gjeng med konfirmantar! Stor pågang til KRIK Explore-gruppa (to grupper!) og leirtilbodet *KonfCamp*.

I år reiste vi med ei gruppe til Askøy på «Konf Saman leiren» arrangert av Bjørgvin Bispedøme i samarbeid med Kirkens Nødkjelp of NMS. Vi vil framleis arbeide for at alle konfirmantar får med seg ei leiroppleving i løpet av konfirmanttida.

Når det gjeld medarbeidarar i konfirmantarbeidet ville det vera svært positivt om vi fekk med mange frivillige leiarar i gruppene, på turar og i undervisninga. Det er mange flotte ressursar i kyrkjelyden som kan tilføra konfirmantane kunnskap og godt fellesskap.



Samarbeidande organisasjonar

Os kommune

Det er samarbeid med kommunen på fleire område.

Samarbeid med Frivillig-sentralen om opplegg for konfirmantgruppe med diakonal profil har vore positivt og godt. Dette samarbeidet har utvikla seg positivt i år og.

Samarbeid skule/kyrkje for 4.- 6. klasstrinn:

Klasstesteg	Ansvarleg	aktivitet	Tema	Antal
4.kl	Kateket, organist	Kyrkjebesøk	Kyrkja, Innreiing og symbol	13
5.kl	kateket	Skulebesøk	Bibelen, oppbygging og innhald	14
6.kl	Kateket, organist	Kyrkjebesøk	Kyrkjearkitektur, -musikk, og -historie	12
Skulearr.	Prest, organist	Adventsgudst.	Advent og jul	14
Barnehage	Prest, kateket og organist	Krybbevandring	Juleevangeliet	12

Alle barnehagane og skulane inviterte til eigne adventsgudstenester; Det var eigne barnehagegudstenester på bedehusa i Søre Øyane og på Søfteland, og i Galleriet på Halhjem

Totalt 13 barnehagegudstenester og 15 skulegudstenester



ARBEID MED BORN

Skilet mellom det som reknast som trusopplæringstiltak og kontinuerleg arbeid er ikkje alltid like tydeleg for folk flest. Det er viktig å ha eit kontinuerleg arbeid som barn kan utvikla seg i.

Nyåret 2019 starta med Inspirasjonssamling for alle søndagsskulearbeidarar + andre her i Tunet, med utgangspunkt i Sprell Levande vårpakken. Her var det deltakarar frå LørdagsSprell, Mandagsklubben på Søfteland, Misjonskirken og søndagsskulearbeidet både på Os og i Nore Neset. Jannicke Kjølsås Ludviksen stod for inspirasjonen.

Vi hadde og eit SLUSH kurs for tweens på programmet i mars 2019, men som dessverre gjekk ut grunna at Jannicke vart sjuk. Det skulle vi ta opp igjen etter påske, men fekk det ikkje til.

I slutten av mars arrangerte vi gudstensteverkstad i samband med Barnas Misjongsudstenste. I september har vi dei siste åra arrangert Søndagsskulens dag, med stor suksess. Fleire frivillige deltek med både rigging av søndagsskuleutstyr og anna.

Nore Neset hadde 5 barnesamlingar ved gudsteneste om våren, og 4 om hausten. Os hadde 9 om våren og 10 om hausten. Ungdommar bidreg med barnesamlingar kvart semester.

Det er vanskeleg å finne fleire frivillige inn i barnesamling/søndagsskulearbeidet. Vi er 2 frivillige + ungdommar og Gro Helen frå Stab på Os, og 2 på frivillige Nore Neset som har samlingane.

Andre tiltak:

Halhjem barneklubb «B-gjengen»

B-gjengen er ein klubb for elevar i 1.-4. klasse.

I 2018 var den for elevar på Lunde og Halhjem barneskule, men er vorte utvida til å gjelde alle 1.-4. klassinger i Os.

Våren 2019 var det litt lite oppmøte, og hausten 2019 var det ingen initiativ til å starte opp igjen



Tweens

TweenSing

er eit korarbeid for 5.-7. klassingar, i Nore Neset kyrkje. Vi har korøving, leiker, høyrer ei andakt og et kveldsmat saman. Våren 2019 vart arbeidet drive og koordinert av Gro Helen Skjælaaen aleine. Frå hausten 2019 vart Maria Lade, 2. klassing frå Kongshaug, med som korleiar. Ho har prega arbeidet i koret med si musikk-kompetanse, engasjement, tidlegare korerfaring og vesen.

Vi ser og opplever ei aldersgruppa som har stort behov for dette trygge fellesskapet, vaksne som ser dei og lytter til dei. Vi tek oss ofte tid til berre å snakke saman med dei om kvardagslege tinga som skjer, men og med utg.pkt. i ei bibelforteljing. Vi opplever at det er viktig at dei vert sett og høyrte, og at TweenSing er ein trygg stad å vere. Vi et kveldsmat saman kvar gong, og det er verdifullt for fellesskapet.

Våre planar 2019

Våren 2019 hadde vi øving kvar tysdag kl. 18-19.30.

I løpet av våren vart TweenSing kontakta av Atle Pettersen og co om koret kunne delta på julekonsert med han i Nore Neset kyrkje i desember. I samband med denne avtalen vart det eit auka behov for medhjelpar på TweenSing, og Maria Lade vart anbefalt. Ho takka ja, og har vore ei velsigning for oss alle!

Då endra vi og dag til måndag, då Maria Lade berre kunne mandager og onsdager.

Auke i medlemmer

Våren 2019 var vi ca. 12 stk.

I samband med julekonserten, annonserte og inviterte Gro Helen Skjælaaen til å delta i eit prosjektkor fram mot Julekonserten med Atle Pettersen. 10 stk. meldte seg i samband med det. På Julekonserten var vi blitt 22 stk. i koret. To utselde julekonserter 12. des i Nore Neset kyrkje, fekk koret delta på. Nesten alle fortsatte i koret etter julekonserten.

Samarbeid med Misjonskyrkja

Vi prøvde oss fram på eit samarbeid med tweens-gjengen i Misjonskirka gjennom Tweensklubb, og Gro Helen Skjælaaen deltok på Tweensklubb med dei som ville. Men det var ikkje veldig mange som vart med på dette.

Vi tenkte likevel at det er fint for dei å møtast, så vi starta haustsemesteret med ein tweensleir i Misjonskirka sine lokalar. Det arrangementet vart ein suksess – ca. 40 tweens på minileir frå fredag til laurdag, berre frå Os!



Barnekor i TUNET



ShubaDubs 2019

Familiecoret «ShubaDubs» er eitt godt og velfungerande kontinuerleg tilbod i Os kyrkjelyd. Mellom 30-40 born deltek med følgje, så det er stapp fullt i Eldstova annankvar torsdag. Det er venteliste for å få vera med.

Frivillige

Våren 2019 leia Ingrid H. Halland og Ingvild L. Oseng koret saman. Hausten 2019 gjekk Ingrid H. Halland ut av arbeidet og Ingvild L. Oseng fortsette arbeidet saman med to frivillige foreldre. Dei har saman ansvaret for repertoar og gjennomføringa, medan koordineringa av arbeidet vert styrt av Hege Varhaug-Lekven frå staben. Hausten song familiecoret på Luranetunet, i Tropehagen, med stor suksess.

TUNET barnekor 2019

TUNET barnekor er for born i alderen 1.-4. klasse. Dei øver annakvar torsdag, kl. 17.30 – 18.45. Dette er i same tidspunkt som ShubaDubs, då det er gunstig med tanke på samkøyring for familiar med born i begge kora, men og med tanke på rekruttering.

Leiarane er Solfrid H. Hernes og Liv Gunnhild Qvale. Dei har med seg Else Karin Abusland og Ingrid Hetlevik Halland som foreldrehjelp.

Koret består i dag (jan 2019) av 15 medlemar; to gutter og resten jenter.

Koret syng og leikar, men dei brukar og mykje instrument i framføringane sine; klangbjøller, trommer og kazoo blant anna.

Leiarane er og opptatt av det sosiale i koret og inviterer koret heim til seg ein gong per semester.

I 2019 deltok dei på «Strikk til Tunet» sin basar, sang på Myldregudsteneste i Os, Søndagsskulens dag, Julemessa. Utanom dette deltok dei på KFUK/M sin barnekorfestival, og hadde juleavslutning saman med ShubaDubs.



Laurdagssprell

LørdagsSprell er eit lavterskel barne- og familiearbeid i Nore Neset kyrkje. Dette arbeidet vert koordinert av Gro Helen Skjælaaen, og leia i samarbeid med Signe Molland og Tone S. Hagevik. Desse 3 deler på å ha ansvaret for samlingane i løpet av året. Vi har ein halvårsplan på ca. 6 samlingar.

Samlinga er ein laurdag i månaden, kl. 11 – 13.

Samlinga inneheld sangstund, bibelforteljing, leik og formingsaktivitet. Målgruppa er born i alderen 3 – 5/6 år. Vi avsluttar økta med å ete laurdagsgraut saman.

I tillegg til desse to frivillige i leiarteamet, har vi og 7 frivillige på kjøken. Dei varmar graut og lagar klart til måltidet.

Antal: Det er eit populært tilbod, med ei Facebook-gruppe på 110 medlemar, ei auke med 26 frå i fjor. Stadig nye melder seg med. Det kjem sjeldan færre enn 40, og fleire gonger opp i 70-80. I september varma vi 16 kg graut☺

Prestar og kateket har vore innom for å hjelpa til med formidlinga.

Hausten 2018 reiste Signe i leiarteamet på Trosopplæringskonferansen i Oslo. Det vart motteke med stor takksemd, og var til stor inspirasjon for henne. Ho fekk og delta på Søndagsskulen sin Inspirasjonssamling i Bergen denne hausten, med gode tips til formidling metodar inn mot LørdagsSprell.

Vi opplever at LaurdagSprell er eit kjærkomen treffpunkt for barnefamiliar på Nore Neset. Vi informerer ofte inn i babysonggruppene, og det er eit jamnt tilsig av nye «ansikt» på LaurdagSprell, ofte frå denne gruppa.



UNGDOM

Ungdomsarbeid er rekna frå og med ungdomsskulealder og opp mot 18-20 år. Dei eldste har til vanleg då leiaroppgåver.

Det er tre tiltak som reknast som kontinuerleg arbeid retta mot ungdom: Fredagshappening, Join Us TenSing og ULF (ungd leiarforum).

Ungdomsarbeid

Ungdomsarbeidet i 2019 har vidareført happenings ein fredag i månaden. Møter av ulike slag med sosialt samvær i etterkant. Oppmøte har variert frå 40 til 60 unge kvar gong. For at konfirmantane skal få eit tilbod om vidare åndeleg vekst etter konfirmasjonen har me tilbod for dei som ynskjer det om å delta på Ungdoms Alpha. Her var det i år ingen som meldte seg på.

Det populære happeningen som har vorte tradisjon i november er Natt i Tunet med LAN-party. I år med 68 deltakarar + 12 vaksne frivillige leiarar og Lars Joar og Roar frå stab. Tiltaka for dei mellom 16 og 18 vart i år ikkje forsøkt gjennomførte på grunn av manglande interesse/påmelding. Arbeider med å revidere tilbodet til alderssegmentet.

#MEG vart arrangert med 2 deltakarar.

Godheit i sentrum vart flytta til hausten og arrangert med få deltakarar og gjennomført av diakon Ingrid.

Turar; 8 ungdommar frå Os kyrkjelyd reiste med på Birkeland menighet sin tur til Estland, og nye kontaktar vart knytt. Til Myrkdalen reiste nemleg same gjengen på nyttårsleir.

Leiartrening

ULF (Ungdomsleiar forum) som vart danna i 2017 har fortsett i 2019 og er eit viktig tilbod til ungdommen som har ansvarsverv inn i arbeidet vårt. Her var det mellom 15 og 20 ungdommar som møttest ein gong i månaden.



Join Us TenSing

Join Us TenSing har ved utgangen av året, 26 medlemmer i alderen 13 -18 år.

Koret er ein del av Os kyrkjelyd og er knytt til KFUK-KFUM.

Dirigent for koret er Kristina Dale, 16 år. 9 konfirmantar og 17 medlemmer over 15 år.

Koret er inndelt i gruppene kor, band, dans, drama og teknikk.

Gruppene øver inn program til det årlege vårshowet og til anledningar i kyrkjelyden. Vårshow i Tunet, Sosial Weekend på Raknestunet og Nattcup i Haukelandshallen var høgdepunkt.

Koret deltok på 3 gudsteneste i Os (vår og haust, og julaftan) under «Ung gospelnight» og «Ung lysmesse».

Årsmøte vart halde i mars, med enkel gjennomgang av årsrapport og økonomi.

Styret består av: Kristina Dale- dirigent, Lykke Lekven – styreleiar, Lars Joar Hilleren - vaksenleiar, Martin Bergsvåg - styremedlem, og representantane; Hanne Dahl for konfirmantane, Martin Bakke for teknikk-gruppa.

Det er godt oppmøte i koret og lite fråvær.

Andakt på kvar øving – anten av ungdommane sjølve eller vaksne, i hovudsak frå ungdomsarbeidar eller prest. Frivillig vaksen medarbeidar sørger for medlemmane og steller i stand noko godt i pausen ved kvar øving. Det er vi alle svært takksame for.

DIAKONI

Diakoni-tanken og haldninga skal vere integrert i alle deler av kyrkjelyden sitt praktiske arbeid og virke.

Men for å gjenkjenne og hjelpe oss å forstå er det sett opp 4 sentrale områder:

- Nestekjærleik
- Inkluderande fellesskap
- Vern om skaparverket
- Kamp for rettferd

Oversikt over det diakonale arbeidet utført av diakon, andre tilsette og frivillige i 2019.

Tiltak som finnst	Nærare spesifisering
<p>Nestekjærleik: Språkpraksiselev Diakon</p> <ul style="list-style-type: none"> • Leksehjelp ung. Diakon/Frivillige • Sorgarbeid. Diakon, utval og prestar/samarbeid • Besøktjeneste: Diakon/prest • Samtalar. Diakon, prestar, ungd. arbeidar, andre tilsette. • Diakoni i Trosopplærings -tiltak: <ul style="list-style-type: none"> ○ godleik i sentrum. Ungd.arb./Diakon ○ #meg: Ungd. arb. Diakon/ ○ Saman for andre konfirmantar/diakon/Kateket ○ JoinUs: Medhjelper på dramagruppen ol. 	<p>Språkpraksis: Gjennom praktiske arbeidsoppgåver i arbeidsfellesskapet for å lære norsk.</p> <p>Leksehjelp: ungdom knytta til språkkafeen.</p> <p>Sorgarbeid; samtalar, <i>invitasjon</i> til <i>sorgsamling og sorggrupper</i> i samarbeid med kunstterapeut; god oppslutning. Minnegudsteneste, og sorgseminar i samarbeid med Fana prosti, Bjørgvin Bispedøme i sorgmånaden; <i>Tap og sorg hos menneske med utviklingshemming, av Roar Strømme.</i> 75 deltok.</p> <p>Besøktjeneste: institusjon, el. pårørende kontakta kyrkja eller tok direkte kontakt med prest og diakon.</p> <p>Samtalar; jamleg, i samtalerommet, lunsj-samtalar på CRUX vindfanget, og i heimar; formelle. Uformelle samtalar i Tunet /kontor</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Den miskunnsame samaritanfortellinga knytt til praktiske tenester i sentrum, 11 år ○ #meg, 12 år: Samling om: Identitet, sjølvbilde og kropp, Lav oppslutning 2019 ○ S4A konfirmantane: innsikt i diakonale arbeidet gjennom samtale, refleksjon og praktiske oppgåver. Gruppeundervisning. Diakon



Tiltak som finnes	Nærare spesifisering
<p>Fellesskapsbyggjande arbeid:</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Språkkafé: Samarbeid. Leia av <i>Diakon</i> ○ Konfirmant leirar: haust, påske: Ungd. arbeidar, diakon, kateket ○ Romjultreff i samarbeid med Norsk folkehjelp Os. Diakon/Dagleg leiar ○ Årleg fisketur for nyinnflytta flykningar. Diakoniutval ○ Kafé: NRK sin TV-aksjon Diakon ○ Styrking av ungdoms -arbeidet. Ungd. arb. /Fleire ○ Julemesse. Alle i stab og frivillige, ○ Eldretreff. Frivillig komité ○ Senior-Koinonia: Frivillige. Per Torgeir Nilsen kontakt. ○ Tilrettelegging av konfirmantundervisning for ungdomar med spesielle behov Kateket i samarb./ Sokneprest, diakon ○ PR/Info arb. og diakonalt stoff på nett kyrkjelydsblad, avis og friskus Diakon ○ PU arbeid: Sokneprest m fl. ○ Søndagssamling for utviklingshemma 	<p>Samarbeidspartnere språkkafeen: Torsdagar to gonger i mnd. Norsk folkehjelp Os, Os Frivilligsentral, Os Sanitetsforening og Nav Busetting og integreringsteneste. Ressursgruppa. Vaksne og familiar treffas og snakkar norsk. Og eigen Teiknspråkgruppe og Musikkgruppe for barn. Saman konfirmantleir i Knarvik, og KonfCamp i Etne</p> <p>Romjultreff 29. Des. kl. 13 -16.00, 85 stk.</p> <p>Fisketur: <i>Diakoniutval</i> i samarbeid med busettingstenesta i kommunen, skippar og Oselvarlaget</p> <p>Kafé i Storsalen i Tunet for bøssebærare.</p> <p>Ungdomsarbeid: miljøarbeid i ungdomsarbeidet, diakon med i tverrfagleg team: samkøyring av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tenester i kommunen (SLT) Jamleg møter i året.</p> <p>Eldretreff: På Kløvertunet, første tyrsdag i mnd. frå sept. til juni. Kyrkja i samarbeid med Os sanitets forening. Ca. 30 stk.</p> <p>Senior-Koinonia: 45-65 besøkande 10 torsdagar i året. God mat, fin musikk, vakkert pynta, flott program og stort og godt frivilligteam.</p> <p>Konfirmantarbeid: Tydeliggjort i infobrosjyre ved påmelding til konfirmasjon at vi tilrettelegg så godt vi kan i konfirmasjonstida ved beskjed om ulike behov.</p>



Tiltak som finnes	Nærare spesifisering
<p>Grøn kyrkjelyd:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Super-laurdag i Tunet: <i>Diakon i samarbeid med Frivilligsentralen og Bærekraftig liv i Os</i> ○ Kles-karusell på språkkafeen i samarbeid med Bærekraftig liv i Os ○ Skaparverkets søndag ○ Holde oppe sertifisering som grøn kyrkjelyd ○ Kildesortering 	<p>Super-laurdag samla rundt 200 til; 2 <i>inspirasjonsforedrag, kafé, strikkekafé, kles-karusell, praktisk seminar frå draum til saum med Monica Cecilie Herredsvela frå symesterskapet 2017 på NRK. 3 andre seminarar, og catwalk med brukte/redesign-klær.</i></p> <p>Vi er sertifisert som grøn kyrkjelyd og har nokre tiltak i løpet av året i tillegg til bevisstgjeri i det daglege arbeidet. Gudsteneste med <i>grøn kyrkjekaffi</i>; fokus på bærekraft og miljø.</p>
<p>Kamp for rettferd:</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Kickoff før Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp ○ Fasteaksjonen til inntekt for KN ○ Solidaritetskonsert med lokale artister før jul 	<p>Samla alle foreldre og konfirmantar til inspirasjonssamling Fekk inn 144.379 i alt. 170 konfirmantar og foreldre som bøssebærare.</p> <p>23 artistar, arrangement komite, lyd og lysfolk, konfransierer. Hovedkoordinatona: Øyvind Hægland. Full kyrkje.</p>
<p>3 nye tiltak i 2019 som vil fortsette</p>	<p>Nærare spesifisering</p>
<p>Utvilda tverrfagleg samarbeid.</p> <p>Venneveko: veke 44: med ulikt program for alle aldre; bl. a blitt Skravlekopp kommune.</p> <p>Bønearbeidet vidareutvikla: Sokneprest, og Diakon, Frivilligkoordinator</p>	<p>SLT koordinator, Næringssjef, Mot koordinator Erfaringskonsulent i kommunen og kreftkoordinator i komite for Venneveko.</p> <p>Diakonutval initiativ til samarbeid med kommune; Venneveko. Komité satt samen med fokus på viktige tema i ramma av venskap og inkludering. Lag, organisasjonar og bedrifter vart utfordra. 17 arrangement, og 20 tilbakemeldingar frå ulike einingar om gode tiltak og arrangement dei laga til i Venneveko.</p> <p>God respons i ulike einingar, og i lokalavisa.</p> <p>Bønegruppa funne form. Brev og møter. Personleg forbøn under medarb. Gudstenesta.</p>



Diakonutvalet

Medlemmer: Knut-Inge Johnsen, Helene Waage, Ragnhild Sognes Haugland, Haldis Omdal, Anne Kårstad Wivegh, Margrethe H. Askeland (sogneprest) og Ingrid Vik (diakon). Diakon har leia møtene.

Utvalet har hatt 6 møter i 2019. Dei har jobba utfrå kyrkjelyden sin diakoniplan, og hatt fokus på internasjonal arbeid, ungdom, samtale og PU arbeid.

Frivillige

116 frivillige innanfor det diakonale arbeidet i kyrkjelyden. Kvar og ein gjer ein viktig innsats, og er viktige i fellesskapet, og for den de er.



FRIVILLIGE OG ULØNA MEDARBEIDARAR

Det frivillige engasjementet famnar stort og breitt i Os kyrkjelyd.

Totalt ca. 220 frivillige fordeler seg på svært mange roller i ulike tiltak.

61 frivillige bidreg til at gudstenesta er navet i kyrkjelyds-livet.

Oppgåvene til dei frivillige er: kyrkjevert, dåpsvert, tekstlesarar, nattverdsmedhjelpar, kalkvaskar, barnesamling-lærarar og forsongar. Songarar og musikkantar bidreg enkeltvis og saman. Kyrkjekaffi-medhjelparar sørgjer for kyrkjekaffi til kyrkjelyden.

Medhjelparar ved Søndagssamling for psykisk utviklingshemma steller til mat og kaffe der

Roller Os	2018	2019
Kyrkjevertar	26	26
Kyrkjekaffi	16	16
Tekstlesarar	7	8
Kalkvaskarar	7	6
Forsongarar	13	12
Lovsongsteam	11	
Søndagssamling	15	17

Roller Nore Neset	2018	2019
Kyrkjevertar	11	11
Tekstlesarar	6	6
Kyrkjekaffivertar	6	6
Bakar til kyrkjekaffi	4	3

Skulle ønske oss flere kyrkjekaffi-vertar, især på Nore Neset!

Kyrkjelyden lever!

Kyrkjekaffi etter gudstenesta, kveldsmat på koret og på TITT, graut på Laurdagssprell og andre store arrangement, vaflar og hotdogs på 17. mai og julemessa, middag på Koinonia, grillmestrar ved ulike sommarfestar. Utruleg mange leverer kaker, bollar, lefser, gjærbakst og vaffelrøre gjennom året. Strikka småplagg og anna nydeleg handarbeid leverast.

Medhjelparar ved Minnesamvær. Arbeidet gjer seg ikkje sjølv, å lage til, rydde og å vaske opp. De er alle heltar som fortener STOR TAKK!



Minnesamvær

I 2019 vart det halde 11 minnesamvær med til saman 605 gjestar. 19 frivillige leverte 49 dagsverk.

Med eineståande medhjelparar og flotte lokale er det fint å kunne tilby osingane å halde minnesamvær i Tunet. Frivillige medarbeidarar gjer jobben, vi fakturerer for leige av lokale, oppdekking og brukte timeverk.

Inntekt på minnesamvær (etter direkte-utgifter) estimerast til om lag kr 125 000,-. Inntekter som er med på å finansiere lånet på Tunet. Vi er svært takksame overfor dei frivillige som gjev både tid og krefter til denne tenesta.

Antall frivillige

88 frivillige i trusopplæringa 1-12 år her iblant Sprell-Levande laurdagar og barnesamlingar søndagar, Familieketret ShubaDubs, Tunet barnekor, TweenSing, barneforeiningane på Søre Neset og Søfteland.

21 frivillige i ungdomsarbeid og trusopplæringstiltak 13-18 år Join Us, Ungdomstunet, Koinonia, Eldretreff, TITT, Språkkafe, Leksehjelp, Minnesamvær-teamet.

116 frivillige i kyrkjelyden sitt diakonale arbeid, som Språkkafe, Leksehjelp, Sorggruppe, Sorgsamling, Grøn kyrkjelyd, Bønegruppe, Superlaurdag, Lys i Mørke, TV-aksjonen, Fasteaksjonen, Fisketur, Saman for andre, Eldretreff og Senior-Koinonia og Kyrkjeskys og Catering-teamet. Pluss ca 170 konfirmantar som bøssebærarar fasteaksjonsdagen.

219 frivillige ved kyrkjelyden sine kultur- og konsertarrangement, f.eks. superlaurdag, 17.-maikafe, TITT, Konfe-kickoff, Venneveko, Gospelnights, Julemessa, Julegåveverkstaden, Solidaritetskonserten, Romjulstreff.

44 i komité og utvalsarbeid, herunder soknerådet med alle utvala og musikkutvalet, komiteane for TITT, Julemessa og Solidaritetskonserten.

35 frivillige er med i anna kyrkjelydsarbeid som NMS Fellesforeningen, Os YMC, Kyriaké og Speidaren.

I tillegg har vi alle konfirmantforeldra, dei leverer bakst og stiller opp som sjåførar når det trengs.



Mediearbeid

I eit samfunn der «alle» kjemper om merksemd og vil nå fram med sin bodskap, er det viktig å finne gode måter å nå fram til folk.

Kyrkjebladet når fram til alle heimar i Os og kjem ut med 4 blad årleg. Ulike tilbakemeldingar stadfestar at bladet vert generelt godt tatt imot og mykje vert lest.

WEB: Os sokn har web-sida www.kyrkja.no/os der vi kunngjer ulike arrangement og informerer om ulike spørsmål og ordningar.

Facebook: (Os kyrkje). Her vert aktuelle arrangement/samlingar kunngjort. Ofte delast kunngjeringar frå web-sida til facebook.

Annonsering gudstenester og ulike samlingar vert til vanleg kunngjort gjennom lysingar i lokalavis. Nokre samlingar er supplert med omtale på redaksjonell plass i avisa.

I 2019 også avtale om kunngjering på Midsiden.no for ulike arrangement under «kva skjer i Os».

GRAVPLASSAR

Fram til årsskiftet 2019/2020 var det Os sokneråd i funksjon som kyrkjeleg fellesråd som hadde ansvar for gravplassane i Os kommune. Frå 2020 er det Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd som har dette ansvaret.

Os kyrkjegard

Det er ikkje gjort nokre spesielle tiltak på denne gravplassen i 2019. Den generelle auka nedbørsmengda er eit aukande problem då mykje av overflatevatn frå Oshaugen kjem inn på gravplassen. For ein del år sidan var det laga ei grøft frå fotballbanen og opp akkurat forbi minneparken. Innsig av vatn på nedre del av gravplassen er no mindre.

Men manglande grøft/bortleiing av vatn langs øvre del gir store drifts-utfordringar, ikkje berre i periodar med regnver, men lenge etter då jordmassane er veldig fuktige og ustabile. Dei fleste gravene på Os er gamle graver som har vore i familiar mange 10-år og det har vore ei haldning om at ein gravstad på Os vil ein forsøke å halde vidare i familien. Likevel er det nokre få graver som ikkje vert fornya ved utløp av festetida. Desse vert tildelt etter behov for nye. Mange av gravene på Os kan berre nyttast som urnegraver.

Kuventræ gravplass

Ei større utviding var gjennomført 2013-2015 (ca. 1000 nye graver). Det var kommunen si prosjektavdeling som hadde funksjon som byggherre. Det var ulike forhold som gjorde at Os sokneråd i 2016 ikkje ville godkjenne dette og sidan har det vore ein «dragkamp» mellom gravferdsforvaltinga og kommunen om å få ferdigstilt. Det er no gjort ein bindande avtale og funne finansiering på sluttarbeid og med den framdrift som no er, vil gravplassen kunne bli tatt i bruk våren 2020.

Forutan tradisjonelle kiste- og urnegraver, får den nye gravplassen «Namna minnelund». Namna minnelund har eit felles minnesmerke der namnet på avlidne vert sett på. Urnene til dei som vert gravlagt her vert sett i eit felles område. Det er gravferdsforvaltinga som syter for at gravstaden alltid er velstelt. Pårørande kan setje ned blomar ved fellesmerket. Denne type graver har hatt stor auke rundt omkring. Der slekta gjerne bur andre stader vil dette fungere fint med lite tilsyn, men samstundes ei grav å gå til når ein har høve til det.



Nore Neset kyrkjegard

Det er svært få ledige graver på Nore Neset kyrkjegard. Prosjektering av utviding var sett i gong i 2019 og Smedsvik landskap vart engasjert til dette arbeidet. Hovudmålsetting er sjølvstøtt å få etablert fleire graver, men samstundes er det eit felles ønske frå planavdelinga i kommunen og gravferdsforvaltinga at området og skal vere del av nærområdet Nore Neset og at gravplassen kan nyttast og som del av tur-runde. Det er derfor prosjektert med ein «hovudveg» frå området lengst vest (nær Dalsvegen) og fram mot Skeisflaten som del av ein tur-runde. På begge sider av denne vert det etablert gravfelt med interne vegar, vannpostar og plantar/buskar. Det er fleire koller og fine trær som vert skjerma og såleis vert ein del av gravplassen. Det ligg og ein «grøn filosofi» bak prosjektet der det vert lagt til rette for fuglar (m.a. fuglekassar) og insekter (t.d. tenkjer ein seg bikubar og planting bi-vennlege blomar/buskar).

I kommunen sitt investeringsbudsjett er det sett av 30 millionar. Førebels kostnadsoverslag syner investeringsbehov på drøye 50 mill. Kommunen må avklare finansiering av tiltaket. Byggestart kanskje hausten 2020 el tidleg i 2021 (?).

Vi må forvente at det vert ein periode der det ikkje er ledige graver på Nore Neset kyrkjegard før nye felt er etablert (2021/2022). Då vil Kuventræ gravplass vere alternativ (evt. annan gravplass i kommunen.)

Det er prosjektert meir enn 2000 graver på nye Nore Neset gravplass. Med denne kapasitetsauke vil venteleg gravplassbehovet fram til 2040 vere dekkja.

Gravplass i Lysekloster-krinsen

I framlegg til arealplan er det lagt inn eit areal til gravplassformål i Lysefjorden. Denne vil venteleg ikkje bli realisert før mot slutten av 2030-talet.

